

**HANDLINGSPLAN**  
**VED**  
**ALVORLEGE ULUKKER OG KRISER**  
**I**  
**TUETEIGEN BARNEHAGE**

Redigert, Mai 2017

Anne- Line Mæland, styrar

**HANDLINGSPLAN VED  
ALVORLEGE ULUKKER OG KRISER I  
BARNEHAGEN**

**INNHALD:**

<b>1. Innleiing</b> .....	s 3
<b>2. Mål</b> .....	s 3
<b>3. Overordna prinsipp ved ulukker og kriser</b> .....	s 3
<b>4. Kontaktliste med telefonnummer</b> .....	s 4
<b>5. Handlingsplanar ved sjukdom, ulukker og død</b>	
5.1. Alvorlege ulukker i barnehagen.....	s 5
5.2. Dødsfall i barnehagetida.....	s 6
5.3. I tida mellom dødsfall og gravferd.....	s 7
5.4. Etter gravferda.....	s 7
5.5. Uventa dødsfall utanom barnehagen (born/personale).....	s 8
5.6. Ein i barnet sin familie døyr eller vert alvorleg sjuk.....	s 9
5.7. Ein av personalet vert råka av alvorleg sjukdom eller død i næraste familie.....	s 9
5.8. Å fylgja eit barn sitt sjukeleie / dødsleie.....	s 10
5.9. Når det oppstår alvorlege smittsame sjukdomar / epidemiar i Barnehagen.....	s 10
<b>6. Andre kriser:</b>	
6.1 Skilsmisse.....	s 11
6.2 Seksuelle overgrep.....	s 11
6.3 Psykiske lidningar i familien.....	s 12
6.4 Kidnapping eller truslar om kidnapping.....	s 12
6.5 Truslar om vold frå foreldre og liknande.....	s 12
<b>7. Vedlegg</b>	
<b>7.1</b> Vanlege reaksjonar hos barn i sorg og krise.....	s 13
<b>7.2</b> Hjelparrolla, korleis bør me møte barn som opplever sorg?.....	s 14
<b>7.3</b> Avdelingssamtale.....	s 14
<b>7.4</b> Minnestund i barnehagen.....	s 15
<b>7.5</b> Knaggar å planleggja minnestund utifrå.....	s 16
<b>7.6</b> Kollegastøtte.....	s 16
<b>7.7</b> Informasjon til heimen.....	s 17
<b>7.8</b> Oversikt over aktuell litteratur.....	s 18
<b>7.9</b> Songar og musikk.....	s 18
<b>7.10</b> Dialogisk samtalemetode m/problemstilling.....	s 19

## 1. Innleiing

Personalet i barnehagen vil mest truleg oppleve akutte kritiske hendingar hjå barn, foreldre eller medarbeidarar. Dette stiller krav til personalgruppa om å kunne handle rett, hensiktsmessig og rasjonelt.

Denne planen er meint å vera til støtte for personalet og barnehagen i kritiske situasjonar.

## 2. Mål

- Personalet skal kunne førebu seg og gjennomgå ein personleg bevisstgjeringsprosess i førekant av akutte situasjonar.
- Personalet skal kunne ha ei oppskrift eller eit hjelpemiddel, slik at dei kan opptre rasjonelt og hensiktsmessig i konkrete situasjonar som oppstår.
- Foreldre/føresette skal vera trygge på at me har rutinar for å ivareta kriser i barnehagen så godt førebudd som mogleg.

## 3. Overordna prinsipp ved ulukker og kriser

- Det er den som vert råka som skal vera i fokus.
- Snakk alltid med dei føresette om kva som skal gjerast; informasjon, foreldremøte, deltaking i gravferd, osv.
- Me lyt vera lydhøyre for tankar, ynskje og behov hjå dei utsette.
- Alle tiltak lyt sjåast i samanheng med borna sin alder og mogning.
- Me lyt møta born sitt sorgarbeid der dei er.
- Styrar skal alltid vera informert om alt og ha hovudansvar for å setja i verk og koordinere tiltak/handlingar.
- Dersom det er aktuelt med pressa er det **berre styrar eller rådmann** som kan uttala seg. Pressa slepp ikkje innanfor barnehagen sitt område.
- I styrar sitt fråver er det stadfortredar/ pedagogisk leiar som har hovudansvaret.

Dersom ingen av desse er tilstades, skal ein av dei kontaktast før eventuelle tiltak vert sett i gang.

- Det vil vera naturleg at den/dei som er nærast barnet og dei føresette er aktive, men dette delegerast av styrar/stadfortredar/pedagogisk leiar.
- Rådmannen lyt alltid varslast raskt.
- Rask og sakleg informasjon til dei føresette lyt prioriterast høgt ved alvorlege ulukker eller død.
- I den akutte situasjonen lyt personalet kunne styra eigne reaksjonar og la dei koma i andre rekke.
- Ved behov skal det vera oppfylgingsmøte for personalet der det vert gjeve god tid og rom for bearbeiding.
- Skriv umiddelbart ein rapport om saka (kva skjedde? Tiltak?) slik at viktig erfaring ikkje går tapt.
- Etter ein oppstått situasjon skal handlinga/tiltaka evaluerast opp mot denne planen og eventuelt revurderast av barnehagen.

#### 4. Kontaktliste med telefonnummer

<b>Ambulanse/medisinsk nødnummer</b> Ambulansestasjon, Granvin	<b>113</b> 55 97 71 50
<b>Brann</b>	<b>110</b>
<b>Politi nødnummer</b> Vakttelefon	<b>112</b> 02 800
<b>Giftinformasjonssentralen</b>	<b>22 59 13 00</b>
Kommunelege, Granvin	56 52 40 25
Legesentral, Granvin og Ulvik	116 117
Legekontor, Ulvik	400 07 142
Helsestasjon,	56 52 40 29 / 404 03 875
Rådmann,	56 52 40 21 / 404 03 880
Styrar barnehagen, Anne- Line Mæland	404 03 886/ 403 73 008
Barnevern. Hardanger interkommunale barnevernteneste	53 65 45 70 (Dagtid)
Bedriftshelsetenesta. Kontaktperson	951 38 645
Sokneprest i Granvin/Ulvik Vakttelefon: Politi	56 52 68 00 02 800
Rektor,	56 52 40 40/ 404 03 885
Tenestetorget, Leiar	56 52 40 20/ 404 03 874
Drosje	906 23 484

\* **Kriseteam:** Barnehagen kontaktar ein av dei aktuelle, som tek ansvar for vidare organisering.

## 5. Handlingsplanar ved sjukdom, ulukker, død

### 5.1. Alvorlege ulukker i barnehagetida

- Dersom tid varsla styrar/ stadfortredar eller hovudansvarleg som ringer:
  - Ambulanse 113
  - Politi 112
  - Brann 110
- \* Ha klart namn, fødselsdata, namn på pårørande
- \* Ring foreldre / føresette
- \* Styrar /stadfortredar varslar foreldre / pårørande og sin næraste overordna
- \* Ein frå avdelinga som er trygg på seg sjølv og som barnet er trygg på, blir med til lege /sjukehus. Dette avgjer ansvarleg. Det er alltid to av personalet med.
- Fyrstehjelp; ha fast plass til pledd og fyrstehjelpsskrin / pute
- Andre tilsette fjernar barnegruppa frå ulukka så snart som råd og tek seg av dei. Barn i sjokk lyt få sær - behandling ; tilkalle lege
- Styrar samlar eventuelle augnevitnar til samtale
- Styrar samlar personalet. Gje nøktern informasjon
- Ta kontakt med eventuelle sysken i barnehagen – ansvarleg: Pedagogisk leiar på sysken si avdeling. Dei pedagogiske leiarane samlar borna avdelingsvis. Opna opp for alle typar spørsmål og reaksjonar. Gje korrekt, sakleg informasjon og svar ut frå det.
- Dei som vert med den skada gjev tilbakemelding til barnehagen så snart som råd.
- Presten eventuelt legen gjev dødsbodskalet til foreldre / føresette
- Styrar gjev skriftleg informasjon til heimane om hendinga og kva barnehagen har gjort.
- Eventuelt besøk på sjukehus (etter avtale med pårørande).
- Styrar kontaktar eventuelt andre instansar.
- Dei tilsette samlast til personalmøte så raskt som mogleg etter ulukka for å bearbeida hendinga ilag.
- Eventuelt kriseteam vert tilkalla for hjelpa borna å bearbeida hendinga.
- Eventuelt foreldremøte.
- Skademelding, forsikringspapir, skjema til helsetenesta fyllast ut av styrar eller pedagogisk leiar.
- Ved behov kalla inn ekstra ressurspersonale/vikarar for å kunne ha møte/ ha tid til å arbeida med reaksjonar / bearbeiding hjå born, foreldre og tilsette

## 5.2 Dødsfall i barnehagetida

- Dersom tid varsla styrar/ stadfortredar eller hovudansvarleg som ringer:
  - Ambulanse 113
  - Politi 112
  - Brann 110
- **Om ikkje styrar, stadfortredar er tilgjengeleg – ring sjølv. Det er styrar sitt ansvar at foreldre / pårørande og næraste overordna vert varsla. Få eventuelt hjelp av politi eller lege.**
- Fyrstehjelp – ha fast plass til pledd eller fyrstehjelpsskrin
- Dei andre tilsette fjernar barnegruppa frå ulukka og held seg i ro saman med dei.
- Styrar/stadfortredar eller hovudansvarleg kontaktar foreldre / føresette
- Informer om kva sjukehus barnet er på.
- **Obs!!! Sei at det har skjedd ei alvorleg ulukka. Ikkje sei at barnet er død – prest eller lege formidlar dette.**
- Styrar vert med til sjukehuset. Styrar informerar stadfortredar.
- Stadfortredar eller hovudansvarleg informerar resten av personalet.
- Dei pedagogiske leiarane samlar borna avdelingsvis. Opne opp for alle typar spørsmål og sorgreaksjonar. Gje konkret, sakleg informasjon. Prøv å halde roen – hugs å gje mykje omsorg, varme og nærleik. Det er lov å sørgje saman med borna, men ikkje ”misse hovudet”.
- Styrar /pedagogisk leiar ringer alle foreldre; informerar og ber om at dei borna sine. Ta seg tid til å snakke med foreldre etter kvart som dei kjem. Eventuelt kriseteam tilstades.
- Når alle er gått samlast personalgruppa. Gå gjennom kva som er hendt, bearbeida reaksjonar, planleggja kva me skal gjera framover, eventuelt kriseteam.
- Styrar gjev skriftleg informasjon til heimane om:
  - Kva som er hendt
  - Kva markering barnehagen skal ha
  - Innkalling til foreldremøte etter behov
  - Informasjon / tilbod om hjelp frå fagpersonar / kriseteam
- Knyt kontakt med barnehage / heim. Styrar / pedagogisk leiar tek kontakt med dei pårørande for å:
  - Informera om kva som er gjort i barnehagen
  - Drøfta deltaking i gravferd og invitera til samtale om den som er død. Gje tilbod om deltaking i minnestunda.
- samle borna til minnestund. Tenna ljøs, song og korte ”minnetalar”.
- Samarbeid med foreldre / føresette

### **5.3 I tida mellom dødsfall og gravferd**

- Kondolanse til heimen ved personleg frammøte, brev eller telefon.
- Marker med ljøs, bilete, blommar på avdelinga, eventuelt òg på ein sentral plass i barnehagen.
- La den avdøde sin plass ved bordet og i garderoben stå tom, eventuelt med ljøs slit at bortfallet vert markert / synleg
- Barn som skal vera med i gravferd skal ha med foreldre
- Prest eller liknande kan inviterast til å snakka om gravferda. Det er viktig å hugsa at det normalt vil vera fleire ulike livssyn representert i ein barnehage.
- Flaggning på halv stang er naturleg ved dødsfall hjå barnehagebarn / personale

### **5.4 Etter gravferda**

- Samle borna etter gravferda
- Gje rom for ulike sorgreaksjonar, snakk om gravferda
- Avdøde bør minnast i tida som kjem, tenn eit ljøs når vedkomande skulle feira år osv.

**Obs! Det er viktig med oppfølging av både barn og tilsette. Sorgarbeid tek lang tid og reaksjonar som lyt bearbeidast kan koma lenge etterpå.**

\* Tilnærma lik prosedyre fylgjast dersom ein vaksen døy i barnehagen.

## 5.5 Uventa dødsfall utanom barnehagetida (barn og personale).

- Den som får meldinga varslar styrar som syt for å få meldinga stadfesta (Politi, prest, pårørande).
- Styrar innhentar fakta om kva som er hendt (pårørande, slekt, prest, eventuelt politi).
- Informasjon vert gjeve om mogleg før barnehagestart, styrar organiserar eventuelt ringerundar. Styrar / stadfortredar skaffar vikarar og prøver å starta dagen med eit felles personalmøte (eventuelt avdelingsvis).

Tema på møtet:

- Korleis møter me borna?
- Kva seier me?
- Har me lov å syna at me gret?
- Planar framover
- Korleis møter me foreldra som kjem med borna om morgonen?
- Borna får konkret, heilskapleg og sakleg informasjon avdelingsvis og på same tid. Det vert opna for samtale, spørsmål og reaksjonar. **Det må ikkje snakkast over hovudet på borna i garderoben.**
- Styrar / pedagogisk leiar tek kontakt med barnet /personalet sin familie og klargjer kva som er ønska frå barnehage si side. Informer om kva barnehagen har planlagt.
- Samle borna til minnestund. Ljostenning, song og korte ”minnetalar” om den døde.
- Styrar gjev skriftleg informasjon til heimane om:
  - Kva som har hendt
  - Kva slags markering barnehagen har hatt og skal ha.
  - Innkalling til foreldremøte etter behov.
  - Informasjon / tilbod om hjelp frå fagpersonar
  - Korleis barnehagen held seg til gravferdsdagen.
- Personal møte vert halde etter arbeidstid. Tid for sorgreaksjonar, tankar og vidare planar
- Barnehagen sender blomar. Styrar / pedagogisk leiar besøker familie dersom dei ynskjer det.
- Kalla inn til foreldremøte ved behov. Informera om sorgreaksjonar hjå barn. Kva barnehagen skal gjera, korleis borna skal informerast. Kriseteam og liknande deltek.
- Legge tilhøva til rette for ein dempa dag i barnehagen: - Roleg atmosfære, lave stemmer, dempa belysning, - god tid til kvarandre, - snakke med borna om den døde, svara ærleg på spørsmål frå borna, - bilete av den døde, ljós, teikningar, dikt m.m. Etter kvart besøka gravstaden.
- Etter gravferda: Samla borna etter gravferda (foreldre avgjer om borna skal i gravferda og foreldre lyt vera med sitt barn!!!). Gje rom for ulike sorgreaksjonar, snakk om gravferda. Avdøde bør minnast i tida som kjem, tenn eit ljós på vedkomande sin bursdag og liknande.



## **5.6 Ein i barnet sin familie døyr eller vert alvorleg sjuk**

- Så sant det er mogleg ber barnehagen om å bli informert om dødsfall og alvorleg sjukdom snarast mogleg. Informasjonen lyt koma frå påliteleg hald. Ring eventuelt kjelda oppatt og få bekrefte meldinga.
- Dersom barnet er borte frå barnehagen, informer dei andre borna om sjukdommen / dødsfallet, og ver merksam på at den som har mista foreldre / sysken er i sorg. Ver open for reaksjonar og spørsmål kring død frå borna.
- Knyt kontakt mellom barnehage og heim / barn. Styrar / pedagogisk leiar tek kontakt for å informera om kva som er gjort i barnehagen og opnar eventuelt for vidare kontakt. Send blomar eventuelt besøk heimen.
- Informasjon (berre ved tap av foreldre / sysken) til heimane frå styrar / pedagogisk leiar dersom dei pårørande ynskjer / tillet det:
  - Nøkternt om kva som har hendt,
  - Om barnehagen sitt arbeid rundt det som har hendt; eventuelt minnestund, ljøs osv
  - Eventuell deltaking i gravferda.
- Før barnet kjem tilbake til barnehagen – innhentast opplysningar om:
  - Kva slags informasjon barnet har fått om dødsfallet / sjukdommen, årsak ol.
  - Kva slags ritual det får / har fått ta del i.
  - Kva slags forklaring barnet har fått på det som har hendt og kva som skjer med den sjuke / døde.
- Avklar med dei føresette om korleis barnehagen skal møte barnet / sorga. Pedagogisk leiar har ansvar for at barnet får tett oppfølging av ein vaksen som både barnet og familien har tillit til. Ta initiativ overfor barnet – fortel at du veit. Ver merksam, men ikkje påtrengjande overfor barnet, - Fylg opp dei ande borna. – Trekk inn fagfolk om nødvendig.
- Avklar kven som skal gå i gravferd – og legg til rette for det.
- Barnehagen innhentar kunnskap om sjukdomen og sorgreaksjonar hjå barn. Personalet er vaken for barnet si livskrise; viktig å vera nær, syne omsorg og hjelpa til å bearbeida.
- Eventuelle sorgreaksjonar og tankar hjå personalet vert teke opp og bearbeidd. Personalet sine ulike ressursar vert tekne i bruk. Personalmøte ved behov.

## **5.7 Ein medarbeidar vert råka av alvorleg sjukdom eller død i næraste familie**

- Styrar og eventuelt andre tek kontakt med den tilsette.
- Etter avtale med den som er råka informerar styrar dei andre tilsette.
- Personalgruppa sender blomar, eit kort ol.
- Styrar informerar om permisjonsrettar.
- Styrar set av tid til den tilsette.
- Dei tilsette vil trenge tid til å bearbeida sorga.

## **5.8 Å fylgja eit barn sitt sjukeleie / dødsleie**

- Foreldra informerar barnehagen
- Fortløpande kontakt mellom barnehage og heim. Styrar / pedagogisk leiar har ansvar.
- Det avtalast møte med foreldra:
  - Kven skal informerast (personale, barn, dei andre foreldra ) ?
  - Kva skal det informerast om?
  - Kven skal gje informasjonen?
- Gje personale og barn regelmessig informasjon om den sjuke. Alle lyt få same informasjon. Gje fakta om sjukdomen. Foreldremøte etter avtale med dei på - rørende.
- Avklar med foreldra kva slags kontakt / oppfølging dei ynskjer – informer om kva barnehagen kan gjera
- Inviter lege / helsesyster og gjerne ein av foreldra til den sjuke.
- Hugs på den sjuke med brev, teikningar og gåver.
- Om mogleg, etabler kontakt den andre vegen.
- Planlegge og gjennomføre besøk på sjukehus eller heime. Det må gjerast etter avtale med dei føresette og sjukehuset.

## **5.9 Når det oppstår alvorlege smittsame sjukdomar / epidemiar i barnehagen**

- Ringe helsesyster eller kommunelegen for å informere / spørja om råd
- Informera føresette på telefon eller skriv.
- Styrar avgjer etter råd frå helsestasjon /lege om barnehagen skal stengja.
- Halda føresette og tilsette kontinuerlig via brev /skriv.
- Ha personalmøte så snart som mogleg for å vurdere framgangsmåte og bearbeida reaksjonar.
- Ha foreldremøte så snart som mogleg for å gje informasjon

## 6 Andre Kriser

### 6.1 Skilsmisse

- Foreldra informerar barnehagen
- Informer barnet om at du / barnehagen veit.
- Stadfest at begge foreldre er viktige ved å kalla inn begge til samtalar, samkoma.
- Barn er egosentriske og vil ofte tilleggjå seg skulda for foreldra si skilsmisse. Bearbeid barnet si skuldkjensle.
- Pedagogisk leiar kallar inn til samtale med begge foreldra. Barnet i fokus.
- Ved skilsmisse kan ein oppleve at sorga over tapet av ein som føresatt er vanskelegare å leva med enn sorga over ein som er død.
- Foreldre lyt informera barnehagen om kva slags avtale dei har inngått vedrørande barnet / borna.

Barnelova gjev barn rett til samvær med begge foreldra, og når foreldre ikkje bur saman. Foreldra kan fritt avtale kva slags samværsordning dei ynskjer å ha. Utgangspunktet er at samværet skal skje utifrå kva som er best for barnet.

- Foreldre med felles foreldreansvar kan krevje å få den same informasjonen frå barnehagen.
- Dersom den eine av foreldra har ansvaret aleine, kan den andre ikkje krevje å bli kalla inn til, eller ta del i alminnelege foreldresamtalar.
- Moren har foreldreansvaret aleine dersom foreldra ikkje er gift. Ugifte foreldre kan avtale at dei har ansvaret saman, eller at faren skal ha det aleine.

### 6.2 Seksuelle overgrep – ved bekymring

- Informer styrar – ikkje involver anna personale før etter avtale
- Skriv loggbok – skriv ned observasjonar – vent litt før du meldar
- Styrar melder bekymring til barnevernet
- Barnevernet eller næraste overordna har ansvaret for vidare saksgang.
- Barnehagepersonalet er ikkje etterforskarar. Ikkje spør ut barnet – det kan nyttast mot barnet ved seinare dommaravhøyr
- Lytt til barnet og syn at du tek det på alvor. Unngå å styre samtalen. Repeter utsegn som kjem.
- Syn at du veit kva som skjer.
- Fordøm handling – ikkje person.
- Møt barnet på at dette er vanskeleg og vondt.
- Ver ærleg i høve til det som skal skje. Vær realistisk
- Lov aldri noko du ikkje kan halda
- Gløym ikkje sysken
- Førebu deg mentalt og kjenslemessig på at barnet kan koma til å fortelja/ koma med ytringar om opplevingar. Sjå "Hjelpar- rolla".

### **6.3 Psykiske lidingar i familien**

- Opprett kontakt med barnet sin næraste som ikkje er sjuk.
- Gje barnet informasjon etter avtale med føresette
- Bruk omgrepa sjuk / frisk – omgrep som barn skjønar.
- Framstå som ein stabil omsorgsperson – gje ein av dei vaksne på avdelinga særskilt ansvar.
- Opptre forutsigbart og med klare grenser
- Oppretthald dei faste rutinane rundt barnet – gje klar informasjon i god tid dersom rutinane lyt endrast. Gjer dagen forutsigbar.
- Hjelp barnet med å setja ord på og fremme eigne behov
- Prøv å motvirke barnet si skuldkjensle.

### **6.4 Kidnapping eller truslar om kidnapping**

- Foreldre lyt gje barnehagen skriftleg beskjed om kven som kan hente / ikkje skal hente barnet / borna i barnehagen. Foreldre lyt gje beskjed dersom det er andre som skal hente.
- Dersom barnet er kidnappa varslast politiet fyrst
- Deretter varslast næraste føresette
- Næraste overordna varslast

Ved truslar om kidnapping konfererast med næraste overordna.  
Personalmøte og foreldremøte.

### **6.5 Truslar om vold frå foreldre ol.**

- Hald deg roleg og unngå å provosere / argumentere når truslar vert framsett.
- Skriv ned kva som hendte og kva som vart sagt med ein gong etterpå.
- Meld frå til næraste overordna.
- Styrar syt for at den som har blitt utsett for truslar får nokon å snakka med.
- Episoden meldast vidare til næraste overordna.
- Den som har blitt utsett for trusselen avgjer om den skal meldast til politiet.

## 7 Vedlegg

### 7.1 Vanlege reaksjonar hjå barn i sorg og krise

- Konsentrasjonsproblem
- Søvnproblem, forstyrta søvnrytme
- Psykosomatiske reaksjonar – kvalme, svimmelheit. Vondt i magen, hovudpine, slappheit og muskelsmerter
- Sengevæting
- Utrygg og angst
- Tendens til sosial isolering
- Depresjon
- Formålslaus aktivitet og sinne
- Gråt og tristsemd
- Skuldkjensle og skam
- Sterkt behov for nærleik og fysisk kontakt
- Noko alderstypisk

Ca. 1- 5 år: Forvirring, raserianfall, gråt og kontaktsøking

Ca. 5- 6 år: Irritert, trist, rastlaus, kan uttrykke sagn og håp. Desse reaksjonane kan syna seg å vara lenge. Reaksjonane er normale. Barn si sorg kan vera djup og langvarig. Ein viktig regel kan vera å halda samtalen open.

Hugs at barn opp til 10 år:

- Har svært konkrete tankar om døden.
- Trur ofte at den døde kan verta levande att.
- Set ofte døden i samband med straff og skuldkjensle.
- Ofte går ”inn og ut” av sorga over ein lengre periode.

**Hugs: Sorg er ikkje ein sjukdom, men ein normal reaksjon på tap!**

## 7.2 Hjelpar – rolla, korleis bør me møta barn som opplever sorg?

- Ver open og ærleg ! Syt for å dempa rykteflommen!
- Ta initiativ – syn at du veit.
- Finn ord og uttrykk som høver barnet sin alder.
- Ikkje bruk andre ord på død som t.d. søvn, reise
- Gje god informasjon om det som er kjend.
- Lytt til barnet sine tankar om hendinga.
- Observer barnet si åtferd og leik – vit kor barnet ”er” og møt det der.
- Ver nær og merksam – hald augekontakt.
- Lat barnet teikna og leika det dei opplever og føler.
- Lat barnet uttrykke både positive og negative kjensler.
- Hugs at det er barnet som er eigar av krisa/sorga – du er ein hjelpar.
- Ha rom for ulikskap i sorg – det finnes ingen rett måte å sørgje på.
- Prøv å gje hjelp til å motarbeida skuldkjensle.
- Lag perspektiv i sorga /krisa – sjå framover.
- Ha respekt for dei pårørande:
  - I omtale
  - I bruk av symbol
  - I formidling til barnet
  - Ver merksam på kva slags verdiforankring og forklaringsmodell familien har.
- Drøft alle tiltak med barnet sine føresette. Gje varsamt uttrykk for den kunnskap og dei erfaringane du sit inne med – ikkje påtving!!
- Hald kontakt med heimen
- Gjenopprett daglege rutinar etter som det passar for den enkelte.
- Bruk loggbok.
- Hugs at sorg og krise kan ha to utgangar: Regresjon og vekst. Måten me møter barn i sorg og krise på kan avgjera kva veg det går.

Einkvar hjelper vil ha behov for å ha nokon å snakka med, spørja, fortelja, få støtte og få råd hos. Styrar vil primært fungere som hjelparen sin rettleiar. Ved behov vert fagpersonar trekt inn, eventuelt andre i eller utanfor barnehagen. ”Hjelperteamet” skal fastleggja oppfylgingsmøte så lenge det er behov.

## 7.3 Avdelingssamtale

Når personalet skal snakka saman om eit dødsfall, kan det vera hensiktsmessig å planleggja innhaldet. Då er det nyttig å ha ein mal tilgjengeleg. Den treng ikkje å fylgjast slavisk, men kan nyttast som ein guide. Det lyt setjast av god tid, og der er ein fordel at ein er to eller fleire vaksenpersonar tilstades. Det kan vera fornuftig å henta inn andre som har erfaring frå slike hendingar, enten det er ein annan i personalgruppa eller folk utanfrå. T.d., Kyrkja, helsesyster, barnevern eller andre.

Her er eit forslag til framgangsmåte:

- **Introduksjon**

Pedagogisk leiar gjer greie for kva som ha hendt og kva som skal skje dei næraste timane. Når nokon døyrr kan me reagera med å verta lei oss, verta redde og sinte. (sjå vedlegg 7.1) Det hjelp å snakka saman sjølv om det kan vera vondt. Ein skal ikkje tvinge borna til å seie noko høgt under samlingsstunda, men det kan likevel vera lurt å få alle til å fortelja på kva måte dei fekk vita kva som hendte.

- **Fakta**

Lat borna fortelja korleis dei fekk veta om dødsfallet /ulukka, kva dei fekk veta og på kva måte (når, kor og av kven). Misforståingar og forvirring kan oppklarast. Vurder korleis opplysningane om hendinga skal tilpassast borna sin alder.

Personalet si oppgåva vert å støtta borna sine utsegn, og på den måten få koma med sine erfaringar til fellesskapen. Det kan virka trygt dersom pedagogisk leiar tek ei oppsummering etter den innleiande runda.

- **Tankar og reaksjonar**

Kva slags tankar gjorde borna seg då dei fekk høyra om det som var skjedd? Borna får fortelja, og samstundes vil det koma fram tankar, kjensler, inntrykk og reaksjonar. Her kan både sorg, sakn, angst og andre reaksjonar setjast ord på. Borna kan òg oppfordrast til å teikna ut sine tankar.

Det er denne tanke/reaksjonsfasen det lyt reknast mest tid til.

- **Informasjon**

Pedagogisk leiar samlar trådane frå samlinga og førebur borna på kva slags reaksjonar dei kan koma til å oppleve i tida som kjem. Tilpass informasjonen etter borna sin alder. **Det er viktig at borna skjønar at dei ikkje lyt oppleve slike reaksjonar for å vera normale.** (sjå vedlegg 7.1)

- **Avslutningsfase**

Dette er ikkje berre ei oppsummeringsfase. Den skal òg gje rom for å planleggja kva som skal skje framover. Tidspunktet for å vri samtalen over på å sjå framover lyt vurderast av den enkelte pedagogisk leiar, men på eitt tidspunkt er det viktig å hjelpe borna til å fokusera på noko anna enn sorga og saknet.

I løpet av denne samlingsstunda lyt personalet leggja merka til om nokon av borna er særskilt hardt råka av det som er hendt.

Vurder om andre instansar som helsesyster, kyrkja, PPT eller andre instansar bør koplant inn i høve avdelinga eller enkelte barn.

#### **7.4 Minnestund i barnehagen**

Ei minnestund lyt planleggjast i detalj ut frå den aktuelle situasjonen. Minnestunda vert halde så snart som mogleg når me har "fatta" kva som har hendt – normalt 1- 2 dagar etter dødsfallet.

Ta omsyn til borna sin alder.

Vurder om det er avdelinga /heile barnehagen som skal ta del i minnestunda. Det er viktig at dei som kjenner seg råka deltek, i utgangspunktet vil heile barnehagen vera råka om eit barn eller ein av personalet døyr.

Vurder om presten skal vera med i planlegginga og gjennomføringa av minnestunda. Det er viktig å veta kva slags trussamfunn avdøde hadde for å avgjera om ein inviterer ein representant frå kyrkja.

Finn ut om det er nokon i barnehagen som kan syngja eventuelt bidra med noko anna.

Tenk gjennom kven som sit kor i rommet og syt for at nokon vaksne som borna har tillit til sit ilag med dei.

### **7.5 Knaggjar å planleggja minnestunda utifrå**

- Eit bord pynta med kvit duk, ljøs og blomar, eventuelt eit bilete av den døde
- Musikk – roleg høgtideleg
- Styrar leiar minnestunda og gjev eventuelt informasjon om det som er hendt og minnestunda.
- Minneord om avdøde v/pedagogisk leiar og eventuelt andre.
- Musikk eller song som avdøde var glad i.
- Allsong – det kan vera godt å gjera noko saman.

Samla borna avdelingsvis etterpå for å snakka /fanga opp reaksjonar.

### **7.6 Kollegastøtte**

Grupperettleiing for personalet/ styrar før ulukker/dødsfall skjer, kan vera ei hjelp slik at kvar enkelt personale kjenner seg sterkare og tryggare i ein slik situasjon.

Dersom ein er personleg godt førebudd før ulukker /dødsfall skjer, vil ein kunne hjelpe born, foreldre og personale på ein betre måte. Det kan difor vera nyttig å arbeida over tid med dette i grupper med ein ekstern rettleiar, der dei tilsette kan dela erfaringar og oppleve eit fellesskap.

Rettleiing er blant anna ein reiskap som kan nyttast for å arbeida med kjensler, erfaringar, opplevingar, utfordringar, dilemma og problem relatert til eigen yrkesfunksjon eller praksis. Dersom ein skal arbeida med kjensler rundt ulukker og dødsfall, er det viktig å ha ei trygg gruppa som er i ein prosess over tid.

Rettleiar nyttar ulike metodar/ innfallsvinklar for å bevisstgjera gruppemedlemene. Ein metode er å stille ulike spørsmål. Opne spørsmål kan føra til at det som er implisitt (uuttalt eller ubevisst) vert eksplisitt (uttalt og bevisst).

Ein annan metode kan vera rollespel der ein kan nytta ei tidlegare hending som eit døme. Rollespelet kan føra til at samanhengen mellom teori og praksis vert bevisst og tydeleg. Rollespelet kan leggjast til rette for trening på rollar ein har eller skal ha i ein særskilt situasjon. Ved å trenast på ei rolla, kan ein oppdaga kva som er utfordringar, kva som er



hensiktsmessig og kva som er uhensiktsmessig å sei eller gjera i rolla. Ved rollespel oppdagar ein òg korleis det er å vera i rolla.

Grupperettleiing kan òg nyttast i etterkant av eit dødsfall for å bearbeida kjensler rundt den vanskelege hendinga når det gjeld bearbeiding av sorg, krisesituasjonar og korleis ein kan sjå og hjelpa kvarandre gjennom ei tung tid.

### **7.7 Informasjon til heimen**

Kva skal informasjonen innehalda?

- Nokre ord om sjølve hendinga.
- Barnehagen sitt arbeid kring det som har hendt.
- Eventuelt innkalling til foreldremøte
- Ved dødsfall:
  - Ulike reaksjonar hjå barn som er i sorg
  - Informasjon / tilbod om hjelp frå fagpersonar
  - Eventuelt deltaking i gravferda.

*Til heimane*

*Som de veit, så har det skjedd ei ulukke /eit dødsfall som har råka ein av familiane ved barnehagen.*

*Ved Ulukke: Kva er skjedd*

*Ved dødsfall: NN omkom /døde (dato)*

*Det har i dag vore samlingar med heile barnehagen og avdelingsvis og me har snakka med borna om det som har skjedd. (nemn eventuelt dei personane som har bidrege til dette arbeidet).*

*På dei enkelte avdelingane har me prøvd å setja ord på det ufattelege som har hendt, og vi har prøvd å få fram nokre tankar omkring det å mista ein ven.*

*Eg/me kjenner det er viktig å formidla til dykk om det me har gjort, slik at de kan hjelpa oss vidare med det arbeidet me har starta.*

*Barnehagen vår vil verta merkt av tragedien i dagane framover. I høve dette kallar me inn foreldre til foreldremøte (dato, tid, stad).*

*Vennleg helsing*

## 7.8 Oversikt over aktuell litteratur

### Vaksenlitteratur:

Bøhle Solveig	Noen blir tilbake
Danbolt, Lars J.	Sammen i sorgens landskap
Dyregrov, Atle	Sorg hos barn – en håndbok for vaksne
Edvardson, Gudrun	Barn i sorg, barn i krise
Elvik, Steinar	Tårer utan stemme
Glimsdal m.fl.	Når døden rammer
Hansen, Han R.	Sorg og savn – et felles ansvar
Jacobsen, Anne	Kan man dø om natten
Jewett, Claudia	Når barn sørger
Johnsen, Arnstein N.	Barn sørger
Johansson, Birgitta	Barns tanker om døden
Melinger, Agnar	Dei tapte relasjonane – barn etter fars selvmord
Paterson, Katherine	Alene på den andre siden
Reterstøl og Weisæth	Katastrofer og kriser

### Billedbøker:

Alex, Marlee	Bestefar og Maria
Andersen, HC	Piken med svovelstikkene
Egger, Bettina	Marianne tenker på bestemor
Gydal, Monica	Slik var det da Ols farfar døde
Johnsen, Arnstein	En annerledes dag
Kaldhol og Øyen	Farvel Rune
Melin, Margareta	Hanne og Leif
Moen, Torhild	Det er lov å gråte
Nilsen, Reidar	Da Karlsen døde
Stokke, Linn	Trollet Trym og den hemmelige fargen
Wahl, Mats	Farfars Lajka
White, Paul	Kva hendte med tante Gro

## 7.9 Songar og musikk

- Kven kan segla førutan vind
- Måne og sol
- Deilig er jorden
  
- Bach                      Air
- Grieg                      Morgenstemning
- Bjørn Eidsvåg            Alt du vil ha
- Bjørn Eidsvåg            ”Eg ser”
- Iver Kleive                Himmelskip
- Mozart                     Requiem (utdrag)

### **Eigne forslag:**